

Festidalenfakta som kan vera nyttige

01.08.2012



Festidalen kunstnar Gaute Haugland har fått mykje ros for festleg og fantasifull utfaldning både langs innfartsvegane, i sentrum og på Dønhaug

Festidalenførebuingane nådde tysdag kveld eit førebels høgdepunkt med ein imponerande innsats av frivillige på Dønhaug.

Det verkar virkeleg som om dei 160 frivillige, som er invitert til møte på Dønhaug klokka 18 i kveld, er besjela av den rette ande.
Sjølv dei som reiser rundt og monterer festivalscener var imponert over kor mylje som vart gjort.

Her er eindel fakta om arrangementet som kan vera nyttige for nokon kvar:



- * Parker på grusbana i sentrum. Kjem ein med drosje er det best å gå av ved grano.
- * Det går bussar i begge retningar utpå kvelden, den siste 01.30 Holdeplassen er ved inngangen
- * Sett eventuelle glasflasker varleg frå deg slik at det ikkje kjem glas i foret. Festidalen serverar berre i plast.
- * Folk må gå på merka stigar og ikkje trakka opp eige vegar
- * Festivalcampen er bak låven og der blir det sett opp grill Dei som bur i campen kan dusja i Aktivitetshuset.
- * Låven opnar for alle når sponsorarrangementa er over
- * Utstyr deg med øyreproppar som blir delt ut gratis
- * Alt sal av mat drikke og t-skjortar på festivalområdet skjer med bongar som ein kjøper ved inngangen.
- * Ta med sitjeunderlag. Det kan deponerast når det toppar seg framfor scena.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

